



Besteforeldrenes klimaaksjon: Anne-Guri Ekern og Bodvar Sonstad på Klimatoget på veg til Paris.

– No er det alvor

Anne-Guri Ekern og Bodvar Sonstad reiser med Besteforeldrenes klimaaksjon – frå Beitostølen til Paris

– Når slike som meg engasjerer seg, då er det alvor, seier Anne-Guri Ekern.

ANDREA RYGG NØTTVEIT
redaksjonen@avisa-valdres.no

FRANKFURT: – We will, we will. We'll take a climate stand!

På perrongen i Frankfurt står ein ring med raude hattar og voggar i takt til gitaren.

Songøving

– Me byrjar å bli gode på tekstane no, ler Anne-Guri Ekern over ein kaffikopp på perrongen. Saman med 90 andre aktivistar la ho torsdag ut på den lange togturen til klimatoppmøtet i Paris.

– Eg har aldri vore spesielt grøn. Så når slike som meg engasjerer seg, då er det alvor, seier 54-åringen.

Ho er ein av dei yngre medlemmane i Besteforeldrenes klimaaksjon (BKA). Namnet kan vere litt misvisande, det er nemleg ingen krav til barnebarn for å vera med.

Fysioterapeuten frå Beitostølen vart verva av sambygding Bodvar Sonstad. Dei brenn begge for ei berekraftig utvikling for komande generasjonar.

Den pensjonerte legen har vore engasjert naturvernar i mange år, og brenn spesielt for humlene – som er små og søte, men òg livsviktig for pollinering av mange matplantar.

70-åringen har mykje til felles

«Det er viktigare enn nokon gong å spele på lag med naturen.»

BODVAR SONSTAD

med mange av dei andre deltakarane, som gjerne er pensjonistar som har vore med i Framtiden i våre hender eller Naturvernforbundet i ein mannsalder.

Dieselbil og kjøttmiddag

Togturen nedover Europa går som ein draum. I denne gruppa er Anne-Guri eit friskt innslag.

– Eg har aldri vore ein slik Natur og Ungdom-type, så eg representerer nok dei som tenkjer at det angår ikkje meg. Eg er ikkje perfekt. Eg køyrer dieselbil – ein Volvo. Men eg prøver å gå ein del til jobb. Eg vurderer ikkje å bli vegetarianar, sjølv om eg prøver å ete mindre kjøtt. Sånn sett representerer eg kanskje allmogen, som er litt sløve.

Både Anne-Guri og Bodvar ser klimaendringane i samband med flyktningkatastrofen, som me byrjar å ana omfanget av òg i Noreg. Ras og flaum er andre konsekvensar me ser i Noreg, og lokalt har dei merka seg at snøgarantien på Beitostølen er borte.

– Det handlar om samspelet med naturen. Og med ein befolkningsvekst, som vil krevja meir mat er det viktigare enn nokon gong å spela på lag med naturen. Me kan ikkje halde på å overkøyre naturen lenger, meiner Bodvar, som meiner hans generasjon har eit viktig ansvar.

Det gode dømet

Anne-Guri tykkjer ikkje noko om klimakvotar, der rike land som Noreg kan betale seg ut av dette ansvaret.

– Me som er rike og har ressursane kan gå føre som eit godt eksempel. Det gjeld òg om ein kjem frå trygge Beitostølen. Sjølv om ein ikkje er ein gigant, kan ein gå i front, meiner ho.

Dei merkar bae to eit større medvit rundt klimaspørsmål og

Bodvar trur mykje kan gjerast i det små.

– Det er grunnleggjande psykologi. Ting i nærmiljøet smittar over. Ein kan vere eit eksempel og håpa at andre følgjer etter, seier Bodvar som har gått til innkjøp av ikkje mindre enn tre elsyklar.

Synlege i gatene

Så kva forventningar har dei egentleg til klimatoppmøtet og verdas leiarar?

– Det byrjar å brenne under beina våre, og har gjort det lenge. Kanskje kan me håpa at statsleiarane ser alvorret når det vert ille nok, seier Anne-Guri, som har inntrykk av at det er meir optimisme knytt til desse klimaforhandlingane enn tidlegare år.

På den lovlege demonstrasjonen i ein av forstadene til Paris er Bodvar væpna med banner, bøttehatt og eit papprøyr. Og sjølv sagt song og godt humør.

– Me kan bidra med å setje fokus på saka og leggja press på politikarane. Berre det å vere til stades og synlege i gatene er viktig for å leggja press på dei som skal utforma denne avtalen, meiner Bodvar.

FAKTA

Klimatoppmøtet i Paris

■ Klimatoget er eit samarbeid mellom organisasjonar som Besteforeldrenes klimaaksjon, NSB, Norsk klimanettverk, Klimavalgalliansen, Naturvernforbundet, Action 2015 og For jernbane.

■ Klimatoppmøtet varer til 11. desember.

■ Denne veka byrja høgnivådelen, der representantar frå alle verdas regjeringar møtest for å koma fram til ein ny klimaavtale.



Gjelder i uke 50 og 51

3 FOR 30



Coop juice

Utvalgte varianter, 1,5 l
Fra 6,67/l



Gjelder i uke 50



Gilde kjøttdeig/karbonadeideig
400 g



SMIL - DU HAR GJORT EN GOD DEAL